



På Ranavik på veg til Brassfestivalen i 2008.

**Fredag i halv-to-tida reiser 15 skulekorpsmusikantar og leiarar til Karmøy. I helga står Karmøy Brassfestival på programmet. Dette er eit årvisst og populært opplegg.**

På denne festivalen møtest korpsungdommar frå heile Rogaland og store deler av Hordaland. Dei får god instruksjon samstundes som dei opplever eit verdifullt og inspirerende sosialt fellesskap. Dei treffer att venner frå tidlegare festivalar. Det er eit stort og variert program som vert avslutta med ein stor konsert der alle deltar.

Dei fleste uskedalingane har vore på festivalen fleire ganger tidlegare, men Frida Nybakk og Martin Y. Røssland er med for første gang og gleder seg stort til det.

Eit poeng er det at første gang Uskedal skulemusikk deltok, hadde dei ingen musikarar i ungdomskorpsa frå 14 til 19 år. I år er det heile 9 uskedalingar i denne gruppa. Ei flott utvikling som viser at det er fleire som held ut og får større glede av denne flotte hobbyen som krev tolmod for å få fullt utbytte av den. Opplevingar som dei ein får på Karmøy Brassfestival er med og styrkjer dette.

Reisa til Karmøy går med ekstrabuss saman med Husnes skulekorps. Kjekt blir det og å verta litt betre kjent med medlemmene i dette korpset.